

Det er totalt kome inn 68 høyrings svar til planprogrammet. Av dei er 39 frå privatpersonar og grunneigarar, 15 frå interesseorganisasjonar, lag og næringsliv og 14 frå kommunar og andre offentlege instansar. Frist for høyring var 06. juli, men svar og innspel etter det er og teke med.

Fleire av høyrings svara omhandlar same tema. Kort samanfatta går desse ut på:

- Mange er missnøgd at det ikkje framleis vert stasjon på Trengereid.
- Kvam herad og Samnanger kommune er oppteken av eventuell framtidig ny veg austover (E-134 og Rv 7) og at ny E16 ikkje hindrar det.
- Mange er samd med at det skal regulerast to alternativ i Vaksdal og mange framhevar veg i Tolåsen (VC15) som beste løysing.
- Dersom det ikkje vert stasjon på Trengereid, er mange oppteken av tilstrekkeleg pendlar- og innfartsparkering både på Trengereid (for buss) og i Arna (for tog).
- Svært mange er for framleis stasjon på Stanghelle, men nokre meiner ein bør sjå på moglege plassering inne i fjellet.
- Mange er uroa over auka støy og luftforureining i Vaksdal og på Stanghelle.
- Fleire er oppteken av gjennomgåande gang- og sykkeltilbod, noko som ikkje finst i dag.
- Det er kome mange innspel på massedeponi og bruk av massar. Fleire er mot sjødeponi.
- Fleire meiner at det må vera kontinuerleg utbygging av prosjektet og er redd for at berre ny E16 mellom Arna og Trengereid vert prioritert.
- I Vaksdal er særleg næringsaktører oppteken av at omlegging av lokal infrastruktur m.a. ned til Vaksdal mølle, må vera ein del av prosjektet.

Hordaland fylkeskommune bad om utsett høyringsfrist. Saka var oppe i utval for kultur, idrett og regional utvikling den 21.08. Kort punktvis oppsummert er vedtaket slik:

- Forventar fullfinansiering av jernbanen innan 2022.
- Positiv til at det er lagt opp til to alternativ i Vaksdal.
- Uheldig dersom ein prioriterar berre E16 Arna-Trengereid i første byggetrinn. Her er det minst rasfare. Set som føresetnad at heile strekinga har kontinuerleg utbygging.
- Ikkje ynskjeleg å leggje til rette for framtidig fire felt veg mellom Trengereid og Stanghelle.
- Tunnelane på dagens E16 må oppgraderast før omklassifisering til fylkesveg.
- Uroa over auka belastning på Fv 580 Arna- Midttun. Ynskjer dialog om dette.
- Staten må stille garanti for bompengelån til ny E16.
- Tema regional utvikling bør innarbeidast som eit effektmål i planprogrammet.

- Viktig med god arealutnytting ved stasjonane og at det må leggjast opp til god overgang frå buss, sykkel og gange frå nærområda rundt. Positiv at det vert lagt til rette for innfartsparkering.
- Ber om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturminneverdiar.
- Finna fram til god samfunnsnyttig bruk av overskotsmassar og sjåast nærare på alternativ med båtfrakt.